



"Leve hele livet"- kvalitetsreform for eldre

Reforma *Leve hele livet* har 25 konkrete og utprøvde løysingar på områder der ein veit at det for ofte kan vere ein svikt i tilbudet til eldre i dag. I [meldinga](#) er Frisklivssentralar nemnt som del av målretta aktivitetstilbod også for eldre.

Utviklingsentralar

Den 6. desember var det samling for [utviklingsentralar](#) og fylkesmenn hos fylkesmannen i Oslo og Akershus. Utviklingsentralane skal vere med å implementer rettleiar for kommunale frisklivssentralar med vekt på basistilbodet. I møtet kom det mellom anna fram at det er framleis er naudsynt å kommunisere kva frisklivssentralen er (og ikkje er) ved å vise til rettleiar og lovverket. FLS -tilbodet må sjåast i samanheng med andre tenester og lærings- og mestringsstilbod. Det er mogeleg for andre kommunar å hospitere i ein av utviklingsentralane.

Nytt materiell om fysisk aktivitet

Helsedirektoratet har utvikla nytt materiell om fysisk aktivitet til bruk i helsetenesta. Det vil bli sendt ut ein eigen e-post med invitasjon til frisklivssentralane på nyåret om å vere med å prøve ut og evaluere dette.



Tilskot 2019

I framlegg til statsbudsjett for 2019 er det satt av 18 millionar til *etablering og utvikling av kommunale frisklivs-, lærings- og mestringsstilbod*. Det er Fylkesmannen som forvaltar tilskotet. [Regelverket](#) er det same som for 2018.

***Vi takker for samarbeidet og
ynskjer dykk alle
ei gledeleg jul, og eit friskt og
godt nytt år!***

